

# Per Sivle – eit halvt liv

**(NPK): – Per Sivle var ein synleg og viktig aktør i dei store politiske debattane i samtida. Men han meistra ikkje sjølve livet, seier Alfred Fidjestøl. Han har skrive biografien «Eit halvt liv» – 150 år etter at Sivle vart fødd.**

Biografien startar med at Wenche Sivle står midt i Kristiania og ventar på mannen sin. Men han kjem ikkje. Sivle har nettopp skote seg med revolver i Kristiania bad i Torggata. Den dramatiske hendinga fører til toppoppslag i avisene, men venene hans er ikkje i sjokk. Sjølv mordet var venta.

I nekrologane som følgde, vart Sivle ikkje framstilt som nokon helt. Sivle hadde nok eit stort talent, men han hadde ikkje lukkast heilt. «Noko heilt fekk Sivle aldri gjort;...» skreiv Arne Garborg i dagboka si.

Sivle vart berre 47 år gammal, også slik sett levde Sivle berre eit halvt liv.

## Sett på som svikar

– For å forstå Sivle må ein prøve å forstå samtida han levde i, og dei historiske straumdraga. Eg har skrive ein idéhistorisk, ikkje ein litterær, biografi, der eg har prøvd å vise korleis livet hans var vove inn i samtida. Eg har løfta fram perioden 1887–91, med viktige politiske debattar, framveksten av arbeidarklassa, innføringa av parlamentarismen og kampen for demokratisk røysterett. Partiet Venstre vart kløyvd, og då Sivle var redaktør i venstreorganet Kristianiaposten, tok han parti for dei moderate og forsvarte statsminister Johan Sverdrup. Mange såg på Sivle som ein svikar, han som tidlegare hadde stått fram som radikal venstremann som redaktør i Buskeruds Amtstidende i Drammen.

– Sivle var utydeleg som politiskar, først var han svært radikal, seinare moderat og så vart han radikal igjen på 1890-talet, seier Fidjestøl.

## Hovudverk og tungsinn

Per Sivle var fødd i 1857 i Flåm i Sogn og Fjordane, men voks opp på Voss i Hordaland. Han miste mor si berre to år gammal. Faren levde som omflakkande hestehandlar, og Per voks opp i fosterheim.



Då den radikale Per Sivle vart redaktør i Kristianiaposten, tok han parti for dei moderate og statsminister Johan Sverdrup. Han vart stempla som ein svikar.

(Foto frå boka, Det Norske Samlaget)

Då Sivle reiste til Kristiania for å studere, var målet å bli prest. Men han var helsesvak og plaga av ein fæl hovudverk, og måtte til slutt kutte ut den harde lesinga. Sivle hadde ein pietistisk bakgrunn, og leid av tungsinn og sterk helvetesangst. Som fleire av vennene sine greidde han likevel å rive seg laus frå kristendommen.

## Den fyrste songen

I 1877, då Sivle var 20 år, skreiv han «Den fyrste song», og diktet vart trykt i Fedraheimen, der Arne Garborg var redaktør. Året etter debuterte Sivle med diktsamlinga «En Digers Drøm».

Sivle var ein sterk nasjonalist. Han skreiv dikt både på landsmål og riksmål.

– Korleis var Sivle som person?

– Han var svært vittig, trassig og pessimistisk. Han var tung og lett på same tid.

Sivle vart gift med Wenche von der Lippe Nilsen, som var frå ein rik familie i Bergen.

– Wenche var ei engasjert kvinne og ein pioner i arbeidet for likestilling. Som kone var ho oppofrande, men intellektuelt var dei to likeverdige. Men Sivle sleit med å gjere det som var venta av han som ektemann og far.

### Eit samanhengande fall

I 1891 sa Sivle opp redaktørjobben i Kristianiposten for å bli forfattar på heiltid. Han trudde pengane skulle strøyme inn. Han skreiv arbeidarromanen «Streik» i full fart, men boka fekk dårlege kritikkar.

– Etter dette gjekk det stadig nedover med Sivle. Det var eit langt, samanhengande fall. Han fekk reisestipend frå staten for å reise til Tyskland, men dette var dårleg familiepolitikk. Det han var flink til, var å leve på lån og drive fritt ikring, seier Fidjestøl.

### Omdiskutert forfatarstipend

På 1890-talet kom Sivle ut med fleire diktsamlingar, men bøkene selde lite.

– Det var fordi dikta først kom på trykk i avisene, og der fekk dei stor merksemd. Då diktsamlingane kom ut, var det gammalt nytt. Sivle hadde heller ingen forleggjar som tok styringa.

Gong på gong diskuterte Stortinget om Sivle var god nok diktar til å få forfatarstipend. Også då han ikkje vart innstilt, greip statsråd Wexelsen direkte inn og gav han stipendet.

– Det har vore sagt at Sivle skaut seg fordi han fekk avslag på forfatarstipend i 1904. Men eg meiner han fekk stipend mykje lenger enn ein kunne forvente, seier Fidjestøl. Sivle var ikkje i takt med den litterære tendensen i tida, og i forfattarmiljøet vart han rekna som gammaldags.

### Sterk tru på seg sjølv

Forfattarskapen hans er liten, og Fidjestøl meiner det er noko halvt over denne òg. Men Sivle hadde sjølv ei sterk tru på sin eigen forfattarskap.

– Han var sikker på at ettermælet skulle bli større enn samtidsmælet. Og her kan vi vel gje han rett. Det at kong Harald kunne bli så gripen då han hørde «Den fyrste song» under 70-årsfeiringa på slottsplassen, er talande for den posisjonen dikta til Sivle har fått. Dette seier også noko om at det som er uvesentleg i samtida, kan ha stor overlevingskraft.

– Korleis blir Per Sivle vurdert som forfattar i dag?

– Sivle har ingen posisjon i akademia, men ute blant folk har han ein ekstremt sterk posisjon. Først og fremst er det dikta som står att etter Sivle, og det norske folk er særleg glade i «Berre ein Hund», som vart trykt i «Sogor» i 1887. Også vossastubbane står sterkt.

### Eit varsla sjølv-mord

Sivle bar på ei tung bær heilt frå han låg i mors liv. Då prøvde mor hans å ta sitt eige liv. Under fødselen døydde tvillingbroren, medan Per vart lagt til sides. Til slutt greidde dei å blåse liv i han.

– Det var så vidt Sivle slapp inn i denne verda, og sjølv-mordstankane var eit tema heile livet, seier Fidjestøl.

At sjølv-mordet var vel planlagt, viser eitt av dikta han hadde på prent i Buskeruds Amtstidend like før han døydde. Det byrjar slik: «Ja, no skal Noreg ha Takk fyr meg».

Venene skjønnte kva som ville skje, og dei prøvde å få han ifrå sjølv-mordsplanane, utan å lykkast.

Den siste tida vart Sivle berre meir og meir alkoholisert og nedbroten. Han var redd for å bli sinnssjuk. Boka avsluttar med at Wenche sit ved senga hans. Ho fann han på eit simpelt hotell etter at han hadde svima av på Grand Kafé. Ho bed Sivle om å bli med heim. Men han kom ikkje. Han valde revolveren i staden.

(©NPK)